

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.01.2010
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakhandsamar: Bjørg Sandal
Saka gjeld: **Oppnådde resultat i 2009**

Arkivsak

2010/45

Styresak 003/10 O

Administrerende direktør si orientering pkt 5

Styremøte 03.02. 2010

Oppnådde resultat i 2009

2009 har vore eit krevjande, men innhaldsrikt år for føretaksgruppa i Helse Vest. Saman med helseføretaka kan Helse Vest RHF vise til ei rekkje positive resultat innan så ulike område som økonomi, pasientbehandling, forskning, strategi, IKT, innkjøp og organisasjonsutvikling. Under følgjer nokre av dei:

Helse Vest i økonomisk balanse

For første gong oppnådde Helse Vest økonomisk balanse. Regionen ligg an til eit positivt resultat på om lag 100 millionar kroner i 2009. Det er 50 millionar betre enn budsjett.

Til tross for ei betydeleg økonomisk omstillingsutfordring ved inngangen til 2009, har føretaksgruppa hatt fokus på økonomistyring. Helseføretaka realiserte gjennom året også tiltakspakkar som tilsvarer 260 millionar kroner. Helse Vest er i 2010 finansiert på lik linje med dei andre regionane (Magnussen-utvalet), noko som vil bidra til at Helse Vest har eit godt grunnlag for åra framover.

For å møte dei store utfordringane i spesialisthelsetenesta fram mot 2020, utarbeidde føretaksgruppa i Helse Vest for første gong eit langtidsbudsjett som handlar både om drift, likviditet/finansiering og investering i perioden 2010 - 2014. Dette blei gjort for å sikre at føretaka får god kontroll over økonomistyringa slik at dei blir i stand til å gjere investeringar som er nødvendige for å sikre god og trygg pasientbehandling også i framtida.

Det gode resultatet for 2009, i tillegg til grunnlaget som er lagt dei siste åra, gjer at Helse Vest kan starte på store utbyggingsprosjekt både i Helse Bergen og i Helse Stavanger.

Ytterlegare løft for rusfeltet i Helse Vest

Helse Vest RHF har dei siste to åra løyvd til saman 32,4 millionar kroner til rusfeltet - ut over dei pengane som er øyremerka til opptappingsplanen for rusfeltet frå regjeringa. Samla betyr dette eit kraftig løft for rusbehandlinga i regionen. For 2010 betyr det at Helse Vest RHF vil bruke heile 622 millionar kroner på tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Det er ein auke på 6,7 prosent frå 2009.

Satsinga på rusfeltet har blant anna resultert i fleire nye behandlingsplassar i alle helseføretaka. I tillegg inngjekk Helse Vest ni nye avtaler med private ideelle leverandørar om til saman 54 behandlingsplassar.

For å sikre pasientar i LAR (legemiddelassistert rehabilitering) eit meir heilskapleg behandlingstilbod, overtok Helse Stavanger og Helse Fonna i 2009 ansvaret for LAR-pasientane i Rogaland. Innan 2011 vil også Helse Bergen og Helse Førde integrere LAR i resten av den tverrfaglege spesialiserte behandlinga. Ved å leggje denne tenesta til helseføretaka, sikrar ein at vurdering til LAR blir gjort av same vurderingseining som for anna tilvising til tverrfagleg spesialisert behandling. Samtidig får ein òg tettare kontakt med tenestetilbodet innan psykisk helsevern og somatikk.

Reduserte ventetider i psykiatrien

For barn og unge er den samla ventetida for dei som har fått behandling, redusert med 10 dagar, frå 81 dagar i desember 2008 til 71 dagar i desember 2009. Reduksjonen i ventetida skjer fordi det har vore ein auke i aktiviteten i same periode. I hovudsak gjeld dette poliklinisk behandling, men for barn og unge er det også vekst i døgnbehandling.

Helse Vest sette hausten 2008 i gang tiltak for å nå kravet om ventetidsgaranti for barn og unge under 23 år med rusproblem eller psykiske lidingar. Ved utgangen av desember 2009 hadde 14 prosent av pasientane i denne kategorien venta meir enn 65 verkedagar, medan 8 prosent av tilvisingane var vurderte seinare enn ti verkedagar.

Ventetida til psykisk helsehjelp for vaksne har vore tilnærma stabil med ein marginal auke på tre dagar frå 2008 til 2009. Per desember var ventetida for denne gruppa 50 dagar.

Trass i auka fokus på å redusere ventetidene innan somatikken, auka den gjennomsnittlege ventetida frå 66 dagar i 2008 til 70 dagar ved utgangen av 2009. Utviklinga har likevel vore positiv dei tre siste månadene av året. Det er kortast ventetid for dei pasientane med rett til nødvendig helsehjelp, det vil seie dei høgast prioriterte pasientane. Her var ventetida i 2009 på 63 dagar mot 59 i 2008.

Betre kvalitet på helsetenesta

Helse Vest fortsette i 2009 det langsiktige og heilskaplege arbeidet med kvalitet i regionen. Kvalitetssatsinga har eit sterkt fokus på den pasientnære verksemda og stimulerer til å vidareutvikle ein kultur der kvalitetsarbeid i endå større grad blir ein del av den daglege verksemda i sjukehusa. Utgangspunktet for kvalitetssatsinga er at ei god helseteneste kan bli endå betre.

I 2009 blei det sett av 10 millionar kroner til ulike kvalitetsutviklingsprosjekt i regionen. Det er ein auke på 7 millionar frå 2008. I 2009 blei det starta opp seks nye regionale prosjekt innanfor dei fire hovudområda kunnskap, pasientfokus, pasienttryggleik og måling av resultat. I tillegg er det tre prosjekt som har vore i arbeid ei tid, og eitt prosjekt i samarbeid med Kunnskapssenteret.

Tett oppfølging av korridorpasientar

Det har vore ei tett oppfølging av bruk av korridorplassar i føretaka også i 2009. Særleg gjeld dette psykisk helsevern i Helse Bergen HF og innan somatiske tenester i Helse Stavanger HF.

Helse Bergen har hatt utfordringar knytt til korridorpasientar innan psykisk helsevern i 2009 og har ikkje heilt klart å unngå å leggje pasientar i korridoren. Helse Vest RHF følgjer utviklinga frå månad til månad.

Helse Stavanger hadde i 2008 eit særskilt høgt tal på korridorpasientar innan somatikk. Føretaket har, både etter påtrykk frå Helsetilsynet og Helse Vest, prøvd å redusere desse tala. Hovudtiltaka er knytte til det nye akuttmottaket med observasjons- og behandlingseining, auka dagbehandling og auka bruk av pasienthotellet. Helse Stavanger har til ei viss grad lykkast med å redusere talet på korridorpasientar i 2009, men er enno ikkje heilt i mål.

Stabile epikrisetider i 2009

Målet om at 80 prosent av alle epikrisar skal sendast frå behandlar til tilvisande instans innan sju dagar, blei nådd innanfor rufeltet i 2009. Kort epikrisetid medverkar til at pasientane får betre kontinuitet i hjelpetilbodet og ei tettare oppfølging etter utskriving.

Når det gjeld psykisk helsevern og somatikk, er dette målet ikkje nådd. For psykisk helsevern har prosentdelen epikrisar auka noko i 2009 og vore på rundt 75 prosent, og på omlag 60 prosent for somatikken.

Informasjonstelefon for rehabilitering og habilitering på plass

Frå januar 2009 kom Informasjonstelefon for habilitering og rehabilitering i Helse Vest i drift, i tilknytning til det regionale kompetansesenteret. Informasjonstelefonen er eit tilbod til brukarar og fagfolk i spesialisthelsetenesta, men pårørande, fagfolk i primærhelsetenesta og fastlegar kan også nytte seg av tenesta. Kompetansesenteret har òg etablert ein nettstad med oversikt over tilbod innanfor rehabilitering, habilitering og læring og meistring.

Helse Vest har vedteke å opprette ei vurderingseining for tilvisningar til rehabiliteringsinstitusjonane i regionen. Eininga blir lagt i tilknytning til det regionale kompetansesenteret, lokalisert til Helse Bergen. Målet er å sikre at vurdering og prioritering av pasientar skjer i tråd med prioriteringsforskrifta og at dette blir praktisert likt for alle institusjonane. Det er sett av 2,5 millionar kroner i budsjettet for 2010, og ein tek sikte på at eininga er i drift i løpet av våren 2010.

Felles EPJ - største regionale IKT-satsing i 2009

Innføringa av nytt felles elektronisk pasientjournalssystem (EPJ) i Helse Vest var det desidert største IKT-prosjektet i regionen i 2009. Innføringa starta i Helse Stavanger i 2008, og i 2009 blei det nye systemet også tatt i bruk i psykiatrien i Helse Bergen. Det nye systemet (DIPS) skal gi ein betydeleg tryggleiks- og effektiviseringsgevinst, både for dei tilsette og for pasientane.

I 2010 vil ein arbeide vidare med innføringa av felles EPJ i Helse Bergen og i dei andre helseføretaka i Helse Vest. Avtala med DIPS inkluderer også alle dei private ideelle institusjonane i helseregionen. Innføringa av felles EPJ i føretaksgruppa er eit strategisk viktig grep og eit steg i riktig retning når det gjeld betre samhandling. Overgangen til DIPS er omfattande og krev stor innsats frå helseføretaka, dei private ideelle, fagsystemleverandørar og Helse Vest IKT.

Skal sikre rett prioritering

Helse Vest har saman med dei andre regionale helseføretaka og Helsedirektoratet utvikla 30 prioriteringsrettleiarar. Rettleiarane gir anbefalingar om rettar og fristar for rett til nødvendig helsehjelp i spesialisthelsetenesta.

Prioriteringsrettleiarane er eit bidrag i den kliniske kvardagen når spesialisthelsetenesta skal prioritere kva for pasientar som skal få rett til prioritert helsehjelp og kven som må vente noko lenger. Dette skal bidra til at dei sjukaste får hjelp først, at dei som trenger det mest får behandling i tide, samtidig som desse avgjerslene blir tekne med større grad av tryggleik. Rettleiarane bidreg til at pasientar får ei meir lik behandling, uavhengig av kva for sjukehus dei blir behandla ved.

Kunnskap gir tryggleik

Forsking og utvikling er nødvendig for å kunne tilby innbyggjarane i Helse Vest helsetenester av høg kvalitet. Forsking er derfor eit satsingsområde i regionen og forskinga i vest utgjer ein stadig større del av den samla forskinga i landet. I 2010 får Helse Vest 99,1 millionar kroner i øymerke tilskot til forskning. Det er 4 millionar meir enn i 2009. I tillegg legg Helse Vest inn 27,3 millionar kroner, slik at den totale ramma blir på 126,4 millionar.

Gjennom Helseforskningslova fekk helseføretaka i 2009 auka ansvar for forskingsaktiviteten i regionen. Med føresetnad om auka og forpliktande regionalt samarbeid, blei 10 strategiske forskingssatsingar fullt ut etablert i 2009. Forskingsmiljøa som har fått ansvar for satsingane skal vere samlande i regionen, og skal blant anna fungere som rettleiarar for dei mindre forskingsmiljøa.

Også i 2009 arrangerte Helse Vest den årlege Forskingskonferansen. Konferansen har som mål å stimulere til auka forskingsaktivitet i regionen. Helse Vest sin forskingspris for beste forskingsmiljø gikk i år til Broegelmanns Forskningslaboratorium ved professor Roland Jonsson.

E-handel – pengar og tid

E-handel er no ein del av den ordinære drifta i helseføretaka i Helse Vest. I 2009 auka innkjøp gjennom e-handel med 44 prosent til 384 millionar kroner, samtidig som 55 prosent fleire ordrar blei registrerte. I løpet av 2010 vil stadig fleire leverandørar bli fasa inn i den elektroniske katalogen, og målet på sikt er at e-handel skal vere den einaste bestillingskanalen for helseføretaka.

Helse Vest fekk i 2009 førespurnad frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet om å ta del i eit stort europeisk e-handelsprosjekt med namnet "Pan European Public Procurement OnLine". Helse Vest bidreg no med leiarkompetanse til prosjektet.

Sparte 12 millionar på felles innkjøp i 2009

Gjennom tett samarbeid og felles innkjøp mellom helseføretaka i vest er det oppnådd stordriftsfordelar. Innsparinga i 2009 er berekna til i overkant av 12 millionar kroner for Helse Vest. I tillegg kjem gevinstar i form av ei kvalitetsheving på enkelte produkt. Det gjeld på område der ein har reforhandla avtaler slik at ein betaler same pris, men får produkt av høgare kvalitet.

Blant dei største innsparingane i 2009 er kjøp av videokonferanseutstyr og kjøp av utstyr til hjartebehandling utført med kikholsmetode (invasiv kardiologi).

Totalt har Helse Vest sidan 2003 spart om lag 258 millionar kroner på innkjøpssamarbeid ved å inngå felles kontraktar. I tillegg kjem innsparingar som resultat av at ein har innført nye it-system som effektiviserer drifta, og at ein har fått meir effektive måtar å jobbe på.

Helse, miljø og tryggleik: Styrkjer vernetenesta

Føretaksgruppa har arbeidd aktivt for å styrkje vernetenesta. Det er etablert ein strategi for vernetenesta for perioden 2010 – 2014. Dette er eit viktig steg for å få til enda betre utvikling innan HMT-området, der ein for første gong legg fram ein samla områdeoversikt. Kultur for melding av hendingar og avvik er på rett veg. Det er meldt få avvik knytt til ressursar og oppgåver. Dette har vore eit spesielt fokus i Arbeidstilsynet sin "God Vakt"-kampanje.

Kompetanseportal og e-læring

Føretaksgruppa har utvikla eit konsept innanfor kompetanseområdet som no gir resultat. Kompetanse vil stå i fokus dei nærmaste åra, både gjennom aktiv utvikling i bruken av kompetanseportalen og bruk av e-læring. Det er knytt forskning til det arbeidet som går føre seg innanfor kompetanseområdet. Ein har også oppnådd fleire avtaler for innovasjon og nytenking innanfor HR-området.

Helse Vest støttar brukarorganisasjonane

I 2009 fordelte Helse Vest i overkant av 7 millionar kroner på 113 pasient- og brukarorganisasjonar. Det er ein auke på 269 000 kroner frå 2008. Helse Vest fordeler midlar til desse organisasjonane fordi dei driv eit viktig informasjons- og hjelpearbeid overfor medlemmene sine. Dette er tiltak som den offentlege helsetenesta ikkje tilbyr, men som er viktige for kronikarar og andre for at dei skal meistre situasjonen sin best mogleg.

Vellykka overgang i vest

Helseføretaka i Helse Vest overtok i 2009 ansvaret for pasientreiser frå NAV. Overgangen til ny ordning inneber at pasientreisekontora no har ansvaret for både reiseoppgjjer, saksbehandling, reiseplanlegging og informasjon i forbindelse med pasientreiser. Sidan overtakinga i november, har saksmengda auka betydeleg samanlikna med dei tala NAV opererte med, noko som tyder på at fleire er blitt bevisste på rettane sine. Samstundes er det blitt vesentleg lettare å sende krav om reiseoppgjjer, etter at den nyutvikla elektroniske ordninga blei teken i bruk.

Når helseføretaka sjølve har ansvaret for pasientreiser, gjer det at dei betre kan planleggje reise og behandling i samanheng. På den måten sikrar ein betre ressursutnytting og rett bruk av pasientreiser.

Suksess med pasienthjelparen

Det er eitt år sidan pasienthjelparen blei eit permanent tilbod i Helse Vest. Så langt har over 5300 pasientar fått individuell og praktisk hjelp, 2184 av dei i 2009.

I 2009 fekk pasienthjelparen, saman med pasientrådgivaren for fritt sjukehusval i Helse Vest, også ansvaret for å ta seg av informasjon og koordinering av tilvisingar til avtalespesialistar innan psykisk helsevern i regionen. Dette betyr at Helse Vest no får betre kontroll med ventelistene, og dermed betre kan tilvise pasientar til spesialistar med kortare ventetid.

For fleire har pasienthjelparen betydd raskare behandling, betre og meir individuell informasjon, og det har blitt enklare å bruke retten til fritt sjukehusval. Dette har også medverka til at kapasiteten i sjukehusa våre er blitt betre utnytta.

Leiar nasjonalt miljø- og klimaprojekt

Helse Vest har i 2009 leia eit nasjonalt miljø- og klimaprojekt. Prosjektet er ei vidareføring av prosjektet frå 2008, der eksisterande miljøtiltak blei kartlagde. Tema det no blir arbeidd med er blant anna miljøsertifisering av sjukehusa, miljøkrav i forbindelse med innkjøp og miljøkrav innanfor eigedomsfunksjonen som helseføretaka forvaltar.

I forbindelse med prosjektet er det i 2009 etablert eit miljøforum der alle helseføretaka er representerte. Forumet blir leia av Helse Vest, og har ein rådgivande funksjon i forhold til miljøprosjektet. Gjennom miljøforumet er helseføretaka komne eit godt stykke på veg i høve målsettinga om ei samordna tilnærming av miljøtiltaka i spesialisthelsetenesta.

Ny nettløysing

I 2009 har Helse Vest arbeidd med innføring av ny nettløysing for regionen. Helse Vest RHF er ein av pilotane i prosjektet og vil, saman med Helse Bergen, vere på plass med nye nettsider i løpet av våren 2010. Dei andre helseføretaka kjem kort tid etter.

Målet med prosjektet er at det skal blir lettare for nettbrukarane å finne fram på dei ulike helseføretaka sine nettsider. Brukarane skal kunne kjenne seg igjen i menystruktur og innhald når dei beveger seg mellom nettsidene til dei forskjellige føretaka i Helse Vest og elles i Noreg. Felles teknologi, utforming og struktur, i tillegg til mykje felles innhald, fører til innsparingar for alle i føretaksgruppa.

Betre omdømme i 2009

Gjennom 2009 har det vore ei positiv utvikling i befolkninga sin tillit til sjukehusa. I første halvår var det i gjennomsnitt 79 prosent som svarte at dei har veldig eller ganske stor tiltru til sjukehusbehandlinga, mot 75 prosent i same periode i fjor. I andre halvår var talet 80, mot 78 året før.

Inntrykket av det regionale føretaket varierer mindre, men også her er det ein positiv tendens gjennom 2009. Prosentdelen som hadde veldig eller ganske godt inntrykk auka då frå 56 prosent i første halvår til 59 prosent i andre halvår. Det er ein auke på fire prosentpoeng frå andre halvår i 2008.

Tar grep for betre samhandling

Helse Vest RHF ønskjer å motivere helsesektoren til samhandling. I 2009 inviterte derfor Helse Vest for første gong til Vestlandskonferansen. Nær 200 aktørar frå blant anna spesialisthelsetenesta, kommunane, fylkeskommunane, stortingsbenkane, brukarutvala og universiteta deltok på konferansen. Målet var å samle mange av dei viktige aktørane på Vestlandet slik at samhandling får eit reelt innhald.